

Årsmelding GOL BARNEHAGE (Kultur og levekår)

Kommuneplanen sin tekstdel – om Gol barnehage:

Barnehageplasser

Alle barn har rett på barnehageplass.

Utvikling

Utviklinga i samfunnet krev at barnehagen arbeider målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling.

Gol kommune skal vera blant dei fremste i landet når det gjeld læringsmiljø og kunnskapsutvikling. Gol kommune skal vera eit sentrum for spennande kunnskapsbedrifter og kreative fagmiljø.

Læringsmiljø

God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv. Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.

God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

Kompetanseheving og fagmiljø

Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen. Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.

Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

Gol barnehage

Kvar barnehage skal vere tilrettelagt for læring og utfolding - både i ute- og innemiljøet.

Det skal vere kvalifisert personale.

Det skal vera god tilgang på pedagogisk materiell.

Barnehagen skal fremje nære og gode relasjonar mellom barn-barn og vaksen-barn.

Ansvarsområda som er med – storleik på avd. og nærvær 2012 (%)

Ansvar:	Ansvarsomgrep:	Evt. endringar:	Stillingsh. (2012)	Nærvær 2012
3130	Gol barnehage administrasjon		2,3	98,2 %
3132	Vesterhuset barnehage		12,2	91,9 %
3133	Breidokk barnehage	200% vakant haust 2012	11,35	95,1 %
3134	Rotneim barnehage		7,1	91,0 %
3135	Åsgardane barnehage		4,5	90,5 %
3136	Øygardane barnehage		7,25	97,9 %
3137	Hallingmo barnehage		4,6	94,9 %
3138	Fagerlund barnehage		4,4	95,0 %
			53,7	93,8 %

Utvikling løn og sosiale utgifter korrigert for refusjonar sjukefråver (alle tal i heile 1.000 kr):

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Netto-løn:	18.101	20.134	21.808	24.313	26.100	27.032

Avvik – nærvær og regnskap:

Nærvær:

- Tre barnhagar har langtidsfråver grunna sjukdom som ikkje er arbeidsrelatert. Dette gjer store utslag.
- Mål å ha eit nærvær på 95 %.

Regnskap:

- Långtidsfråver førar til ein auke i sosiale utgifter på kr. 250.000, desse utgiftane blir ikkje refundert frå NAV
Lønstilskot frå NAV; noko av dette kjem på neste regnskapsår
- Reduksjon i foreldrebetaling grunna fleire spesialpedagogiske tiltak med enkeltvedtak, reduksjon i tal på barn, stor prosent med syskjen og stor prosent av barn under 3 år
- Generelt så skyldast meirforbruket på kr. 500.000 auka lønsutgifter og reduksjon i tilskot og foreldrebetaling

Mål og måloppnåing 2012:

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik:
Alle barn har rett på barnehageplass	<ul style="list-style-type: none">- Alle fått tilbud om plass ved hovudopptak- 90% av dei som har søkt om plass utover hausten og frå januar til mars i 2013 har også fått tilbud		
Arbeider målretta med utvikling av sosialt samspel og språkutvikling	<ul style="list-style-type: none">- Prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 1 gjennom ført i alle barnehagane med god fagleg utvikling av alle tilsette		
Det skal vere kvalifisert personale	<ul style="list-style-type: none">- Det skal vere utdanna førskulelærer i alle pedagogstillingar- Støtte økonomisk og praktisk for tilsette som tek førskulelærer-utdanning på deltid		Fleire pedagogar har permisjon, og vi klarte ikkje å rekruttere nok pedagogar ved oppstart av nytt barnehageår i august. Vanskeleg å finne eksakt grunn til vanskane med å rekruttere nye
Eit godt barnehage- og skuletilbod	<ul style="list-style-type: none">- Vidareføring av prosjektet Felles løft til steg 2 overgang barnehage-skule: Starta prosjektet i både bhg og skule		
Fysisk miljø	<ul style="list-style-type: none">- Gjennomført installering av ventilasjonsanlegg i Øygdane bhg - gitt positivt miljø for både barn og vaksne		
Tilsyn etter Barnehagelova §§ 1, 3 og 4	<ul style="list-style-type: none">- Fagerlund og Åsgardane barnehagar har hatt tilsyn og det blei ikkje funne nokon avvik eller merknadar		

Mål og tiltak 2013:

Personal

- Arbeide vidare med eit inkluderande arbeidsmiljø ved å bruke resultat av medarbeidarundersøkinga frå 2012.
- Arbeide for å auke nærveret ved å fortsette å legge til rette og følgje opp sjukefråver.

Organisasjon

- Oppstart av utbygging av Vesterhuset barnehage – hausten 2013 starter nybygging, og i løpet av 2014 vil nybygg og oppussing av den gamle delen stå ferdig, slik at Fagerlund barnehage kan flytte inn. Målet med dette er å skape eit godt fagleg miljø for barn og vaksne og effektivisere delar av barnehagedrifta.
- Gol kommune skal ha nok barnehageplassar, men utvida barnegrupper der alle barna er over 3 år blir fort for uoversiktleg, så målet er at dette på sikt bare skal gjelde småbarnsavdelingar.

Kompetanse

- Prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 1 skal føre til at prosjektet går frå prosjekt til drift i 2013.
 - Målet er å implementere nye tilsette og bruke den nye kunnskapen for å vidareutvikle det faglege miljøet i alle barnehagane til det beste for kvart barn. Dei ulike barnehagane har noko ulikt fokus på vidareutvikling av prosjektet, men alle har valt ut område for vidareutvikling.
- Prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 2 Overgang barnehage – skule skal gjennomføre seminar for tilsette i barnhagane og skulane for 1.- 4. klasse.
 - Prosjektet skal føre til at det blir utarbeida ein kommunal plan for overgangen mellom barnehage og skule – oppstart av arbeid med planen og utarbeiding av nye rutinar i 2013.

Teneste/aktivitet

- Oppretthalde talet på barnehageplassar – Gol kommune skal gje tilbod om plass til alle som søkjar ved hovudopptaket og noko til dei som søkjar utover sommaren og hausten for å rekruttere nye innbyggjarar og fagpersonar.

Annet

- Tilsyn etter barnehagelova – Det skal bli gjennomført tilsyn etter §§ 1, 3 og 4 i minst tre barnehagar i løpet av året. Målet er at det ikkje skal vere avvik etter lova. I 2012 er dette gjennomført i Fagerlund og Åsgardane barnehagar i tillegg til Klaras familiebarnehage som er privat. Avdelingsleiar har i tillegg vore med som objektiv part i to andre kommunar. Plan for tilsyn er følgd ved gjennomføring av tilsyn.

Utfordringar 2013:

- Starte opp bygging av ny avdeling i Vesterhuset barnehage – førar til driftsmessig utfordringar når bygging og normal drift skal gå parallelt, men målet er at dette skal la seg gjennomføre på ein best mogeleg og smidig måte. Målet er å få ein meir effektiv drift fagleg og organisatorisk frå sommaren 2014.
- Vidareføring av prosjektet Felles løft for tidleg innsats steg 1 og samtidig arbeid med steg 2 overgang barnehage skule.

Effektiviseringsaukande samarbeid – innspel:

- Utvide Vesterhuset barnehage til ein fireavdelings barnehage.
- Tettare samarbeid med skulen og helsestasjon.